




Munkar vil til Selja

SELJE: Franske benediktinarmunkar ynskjer å byggja eit nytt kloster på Selja. Ifølgje bt.no ventar dei berre på eit signal frå Gud. – Me har vurdert ei slik etablering, men me har også på gang eit nytt prosjekt her i Frankrike, seier munken Pierre Antonine til BT. Han seier etablering på Selja er avhengig av at det er unge menn i Noreg som vil via seg til klosterlivet. Øya selja er rekna som den eldste, kristne heilagstaden i landet og vart martyrstaden for Sankta Sunniva oppdaga i år 996.

Sundagseminar

VIK: Førstkomande søndag vert det heldt seminar i Vikjhalli om Fridtjov den Frøkne i høve statuen sitt 100-års jubileum. På plakaten står Arne Inge Sæbø som skal fortelja «Soga om Fridtjov den Frøkne» og Ragnar Hove som skal lesa dikt. Arrangør er Vik Lokalhistoriske arkiv og Historielaget.



BRUKER ALT: Skrot i ulike fasongar skal nyttast i prosjektet.

(Alle foto: Privat)

Skal gje gamalt skrot nytt liv

■ ■ Treng hjelp frå innbyggjarane

■ ■ Utstilling i juni



TEK SATS: Elisabeth Tonheim heng i for å bli ferdig med utstillinga av skrot i Balestrand.

BALESTRAND: Balestrand kunstlag og kunstnar Elisabeth Tonheim har starta med å samla inn skrot. Resultatet av innsamlinga skal bli fleire kunstverk.

Samarbeidet mellom kunstlaget og skrotkunstnaren skal enda opp i ei utstilling i Balestrand til sommaren. Nærare bestemt 15. juni.

Alle med

– Det blir utstillingar både innandørs og ute, fortel Elisabeth Tonheim, som har regien for å forma ulike kunstverk av skrotet som i desse dagar vert samla inn i Balestrand.

Tonheim ser på skrotet som svært verdifullt fordi ho reknar dette gamle, øydelagde og utslitne som vitne og spor om historia og kulturen vår.

– Skal me lukkast med prosjektet i Balestrand er me heilt avhengige av at innbyggjarane deltek med ting dei reknar for skrot og vil kvitta seg med. Soleis er dette eit unikt kunstprosjekt kor alle har høve til å delta, og kor me er heilt avhengige av at folk er med, seier ho.

Verkstad

Den kreative prosessen startar i månadskiftet mars/april.

– Eg vil etablere ein verkstad i Balestrand slik at alle som ønskjer kan stikke innom

å sjå korleis dette utviklar seg, seier Tonheim. Kunstnaren som er busett i Lindås, er ikkje ukjent med å bu mellom høge fjell og djup fjord.

– Eg gjekk på Sygna vidaregåande skule for lenge sidan, så litt av hjartet mitt er i Balestrand, fortel ho.

Ikkje kresen

Ho fortel at det meste kan bli nytta i prosjektet.

– Reiskap, rusta piggråd, gamle vindaugsrammer, speglar, gammalt trevirke, møblar og anna som ikkje er i bruk kan få nytt liv gjennom dette prosjektet, seier kunstnaren, som gler seg til å starta på jobben i midtre Sogn.



TIL NYTTE: Gamalt skrot kan koma fram i lyset att når skrotkunstnar Elisabeth Tonheim set i gang.

Eirik Thue
eirik.thue@sognavis.no